

Retningslinjer

Tildeling av kompensasjonsmidlar frå vindkraftanlegget på Okla



Oklafondet

KS - 23/099 - Revisjon av vedtektene for Oklafondet

Innhald

Retningslinjer for tildeling av kompensasjonsmidlar frå vindkraftanlegget på Okla i Stad kommune 3

Bakgrunn og føremål	3
Geografisk verkeområde og søknadsperiode.....	3
Kven kan søke?	4
Kva det ikkje kan søkast støtte til	4
Krav til søkjar og søknad.....	4
Støtteform og tidsfrist	4
Tilskotsform	5
Kriterium for utbetaling.....	5
Forvaltningsmyndigheit.....	6
Kunngjering og søknadsform.....	6
Utbetaling av tilskot	6

Retningslinjer for tildeling av kompensasjonsmidlar frå vindkraftanlegget på Okla i Stad kommune

Bakgrunn og føremål

Stad kommune tek årleg i mot kompensasjonsmidlar for Okla vindkraftverk på Stadlandet frå Falck Renewables Vind AS.

Grunnlaget for utbetaling av kompensasjonsmidlar er heimla i ein samarbeidsavtale vedteke av Selje kommunestyre i 2016. Avtalepart var då Vestavind Kraft AS, no Falck Renewables Vind AS. Stad kommune har overtatt Selje kommune sine rettar og pliktar etter avtalen.

Stad kommune skal etter samarbeidsavtalens punkt 2.3. bruke kompensasjonsmidlane til tiltak som avbøter det forhold at vindkraftverket bandlegg eit betydeleg areal som er eller kan vere av verdi både for noverande eller framtidige interesser knytt til næringsliv, fritidsinteresser, eller sosiale formål.

Stad kommunestyre har vedteke at midlane skal setjast av på eit eige fond, og at det skal opprettast ei søknads- og tildelingsordning i tråd med samarbeidsavtalen.

Desse retningslinjene skal vere til hjelp i handsaminga av søknads- og tildelingsordninga, i lag med vedtektene.

Geografisk verkeområde og søknadsperiode

Kompensasjonsmidlane skal brukast innanfor det geografiske området som pr. 1. august 2022 har postnummer 6750, kartet syner avgrensinga til postnummer 6750 og er henta frå posten Norge.



Kven kan søke?

- Lag og foreiningar og organisasjonar.
- Stiftelsar
- **Bedrifter***
- Kommunen*

*For bedrifter blir støtta gitt til prosjekt med ålmennyttig formål/arrangement og som fell inn under tilskotsformer som nemnt under.

Kva det ikkje kan søkast støtte til

- Faste driftskostnader.
- Tiltak som ligg under kommunen sine lovpålagde oppgåver. Samt tiltak som blir dekkja av offentlege budsjett andre stadar i kommunen.

Krav til søkjar og søknad

Søkjar må ha eit organisasjonsnummer.

Søknader skal innehalde, framdriftsplan, finansieringsplan med kostnadsoverslag og budsjett, skildring av prosjektet og formålet, samt ansvarleg for gjennomføring, drift og vedlikehald.

Krava til søknaden må tilpassast prosjekt, likevel slik at:

- Prosjektet bør vere ferdig planlagt og det må liggje ved eit budsjett for prosjektet
- Eigeninnsats i form av timer/dugnad må vere kalkulert, eventuelt eigne midlar som skal brukast på prosjektet må spesifiserast.
- Søkjar må sannsynleggjere fullfinansiering, inkludert tilfredsstillande eigenkapital. Eigeninnsats (timer) kan godkjennast som eigenkapital. Prosjekt med innslag av eigenfinansiering / eigeninnsats vil bli prioritert framfor elles like prosjekt utan dette.
- Det skal leggest ved ein plan for drift og vedlikehald av prosjektet der dette er aktuelt.
- Løyve/disposisjon frå grunneigar (signert avtale) på minimum 20 - 25 år må ligge ved søknaden før utbetaling av tilskot, der dette er relevant.

Støtteform og tidsfrist

Støtte blir berre gjeve som tilskot, og kan ikkje nyttast til sanering av gjeld eller ordinær drift.

Kompensasjonsmidlane er i hovudsak ein delfinansieringsordning, men ein kan søke om 100% finansiering. Ved søknad om 100% finansiering vert ei særskilt vurdering føretatt, mellom anna vil ein sjå kva dugnad som er lagt inn gjennomføringsplanen.

Tildelt støtte må brukas innan eit år frå vedtaksdato. Det kan søkast om utsetjing på inntil eit år.

Søkjær som mottar støtte gjennom kompensasjonsmidlane, må dokumentere samla kostnader gjennom eit enkelt prosjektrekskap som vert lagt ved sluttrapport i forbindelse med førespurnad om sluttutbetaling av tilskotet.

Tilskotsform

Kompensasjonsmidlane kan disponerast til infrastrukturtiltak knytt til bulyst, næringsliv, fritidsinteresser, eller sosiale formål av allmenn karakter. Slik som:

- Avbøtande tiltak
- Stadutvikling
- Kulturtiltak
- Aktivitetstiltak, som t.d. inkludering av tilflyttarar.
- Friluftsliv, som t.d. bruk og vern av natur- og rekreasjonsområde
- Idrett- og nærmiljøanlegg
- Tiltak særleg retta mot eldre, born og ungdom som fremjar trivsel og folkehelse
- Prosjekt som skaper stoltheit og identitetsfølelse
- Utvikling av eksisterande og etablering av nye møteplassar
- Stiar og turløyper, som t.d. plan- kartleggingsarbeid for friluftsårer
- Infrastrukturtiltak knytta til bulyst

Inntil 10 % av årleg tilskot skal gå til å dekke Stad kommune sine kostadar med formidling av tilskotsordninga samt med rettleiing, handsaming, oppfølging og utbetaling av søknadane..

Kriterium for utbetaling

- Søkjær kan be om inntil 50% av tilskotet ved prosjektstart og resterande beløp bli utbetalt ved dokumentert prosjektslutt
- Sluttutbetaling kan normalt ikkje skje før prosjektet er gjennomført og regnskapsrapport ligg føre.
- Prosjektet er i samsvar med gjeldande planar og reguleringar
- Tiltak som krev søknad etter plan- og bygningsloven, skal vere godkjent av Stad kommune før utbetaling finn stad.

Ved slutføring av prosjekter skal det leggest fram ein sluttrapport som viser at midlane er brukt etter føresetnad og kva resultat man har oppnådd. Det skal leggest ved eit stadfesta rekneskap som viser bruk av midlane.

Revisjon av rekneskapen vert kravd etter storleiken på tilskotet.

Dersom prosjektet ikkje blir fullført, kan kommunen krevje utbetalt tilskot tilbake heilt eller delvis.

Forvaltningsmyndigheit

Det til ei kvar tid faste utvalet som handsamar saker knytt til kultur, idrett, samfunn og næring i Stad kommune er tildelt mynde til handsame og tildele tilskot i samsvar med gjeldande vedtekter.

Kommunedirektøren har fullmakt til å avgjere søknader om utsett frist.

Kommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak ved behandling av søknad om støtte med inntil kr 20 000,- pr sak, maks opp til kr. 100 000 per år. Søknader som blir handsama av kommunedirektør blir handsama utan ugrunna opphald, etter at søknaden er komplett.

Kunngjering og søknadsform

Utlysing av søknadsfrist blir gjort gjennom kommunen si heimeside og facebookside og gjennom melding til lag, foreiningar, organisasjonar og næringsliv med postadresse 6750.

Søknad med nødvendige opplysningar og vedlegg skal sendast inn gjennom www.regionalforvaltning.no

Utbetaling av tilskot

Stad kommune utbetaler tilskotet etter førespurnad om utbetaling samt motteken nødvendig dokumentasjon. Tilsegn om tilskot fell bort dersom førespurnad om utbetaling ikkje er sendt inn innan eit år etter at tilskotet er innvilga. Det kan søkast om utsetjing på inntil eit år.

Kommunedirektøren har fullmakt til å avgjere søknader om utsett frist for gjennomføring av søknader som er innvilga av det til ei kvar tid faste utvalet som handsamar saker knytt til kultur, idrett, samfunn og næring i Stad kommune.

Det kan søkast om delutbetaling på inntil 50% av tilskotsbeløpet før tiltaket er ferdigstilt. Søknad om støtte med inntil kr 20 000,- pr sak blir utbetalt ved oppstart. (Administrativt fatta vedtak)

Stad kommune har høve til å be om innsyn og kontroll av løyvde kommunale midlar, jf. reglar for offentleg tilskottsforvaltning. Mottakar av tilskot plikter å medverke, medrekna å hente inn etterspurt og relevant dokumentasjon m.m. Regnskap med kopi av vedlegg skal sendast til Stad kommune gjennom www.regionalforvaltning.no når prosjektet er fullført i lag med førespurnad om sluttutbetaling.

Bortfall av tilskot og krav om tilbakebetaling

Dersom tildeling av tilskot bygger på uriktige opplysningar frå søker, eller tilskotet – eller deler av det – ikkje er nytta etter forutsetningane, medrekna at fastsette vilkår ikkje er oppfylt, fell tilskot bort som ikkje er utbetalt, og utbetalt tilskot kan vert kravd tilbake. Det same gjelder dersom tilskotsmottakar ikkje har levert rekneskap og rapport innan fastsett frist, eller når rekneskapen og rapporten ikkje er tilfredsstillande.

KS- 23/099 - Revisjon av vedtektene for Oklafondet